

Uendra opningstid i Uskedalen

03.02.2010



Geir Remme orienterer i ungdomsklubben på Husnes i kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I kveld vart det markert, også med ordførarbesøk og blautkakeservering, at ungdomssenteret på Husnes rundar 20 år og utvidar frå 5 til 7 opningsdagar i veka. Det har lenge vore eit mål for kommunen.

Men fagkoordinator for kultur Sissel Ullebø Aarseth opplyser til uskedalen.no at opningstida for ungdomsklubbane i Rosendal og Uskedalen blir uendra - 2 og 1 dag i veka. Det inneber til dømes at Zacko - klubben på loftet i Gamleskulen - framleis vil halda ope frå klokka 18 til 22.30 på onsdagane. I Rosendal har klubben ope måndagar og torsdagar frå 19 til 22.30.

Det er i samband med utvidinga tilsett ein ny ungdomsleiar i tillegg til Arve Rødland og Geir Remme - det er Rita Johansen. Men det er framleis Remme som skal ha ansvaret i Uskedalen.

Nokre ungdomar brukar alle tre klubbane og andre berre ein. På Husnes har klubben hatt ein kraftig og vedvarande vind i segla. Som regel er det mellom 50 og 100 ungdommar i underetasjen i Kulturhuset kvar kveld.

Ordførar Synnøve Solbakken sa i kveld at ungdomsklubben truleg blir flytta i samband med utbyggjinga av Kulturskulehuset.

Elles rosa ho dei unge for kreativitet og sa at ein sikk klubb var ein viktig møteplass som ho sjølv hadde besøkt då ho var ung. Ho var svært glad for at det i år har vore mogeleg å prioritera utvida opningstid.

Av Ola Matti Mathisen